



Kinn kommune

Møteprotokoll

Utval: Klagenemnda
Møtestad: Digitalt
Dato: 03.06.2026
Tid: Kl. 09:00 - 10:00

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Roy Solheim Husevåg	Kinn Rødt
Jan Arve Midtbø	Kinn SP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Doris Christensen	Kinn AP	Bente Nygård	Kinn AP

Frå administrasjonen møtte:

Leni Lisæter, plansjef

Ymse:

Miriam Nesje (FrP) kom inn som vara for Kjell Bjørn Refvik (FrP) i sak 021/26.

Måløy, 08.06.2026

Arlene Vågene
Hovudutvalsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
018/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/26	Godkjenning av møteprotokoll
020/26	Orienteringar og spørsmål
021/26	Behandling av klage - 3/15, Kjetangsvegen 70 - tilbygg
022/26	Behandling av klage - 76/39, Norddalsfjord 615 - Riving - bygge ny fritidsbustad

018/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Klagenemnda 03.06.2026:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KLNMD- 018/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

019/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Behandling i Klagenemnda 03.06.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KLNMD- 019/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

020/26: Orienteringar og spørsmål

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Behandling i Klagenemnda 03.06.2026:

Ingen orienteringar.

KLNMD- 020/26 Vedtak:

Ingen orienteringar.

021/26: Behandling av klage - 3/15, Kjetangsvegen 70 - tilbygg

1. Klagenemnda finn ikkje grunn til å ta klagen frå Alf Per Bareksten til følge.
2. I samsvar med plan- og bygningslova. § 1-9, blir klagen send til Statsforvalteren i Vestland med følgjande fråsegn:
 - Klagenemnda sluttar seg til vurderinga til kommunedirektøren slik ho går fram av dette saksframlegget, og meiner at klagen ikkje bør takast til følge.
 - Klagen får ikkje utsetjande verknad for tiltaket (forvaltingslova § 42) fordi forholda det er klaga på, ikkje påverkar eigedomen/området på ein slik måte at igangsetjing av tiltak må stansast.

Behandling i Klagenemnda 03.06.2026:

Miriam Nesje (FrP) kom inn som vara for Kjell Bjørn Refvik (FrP).

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KLNMD- 021/26 Vedtak:

1. Klagenemnda finn ikkje grunn til å ta klagen frå Alf Per Bareksten til følge.
2. I samsvar med plan- og bygningslova. § 1-9, blir klagen send til Statsforvalteren i Vestland med følgjande fråsegn:
 - Klagenemnda sluttar seg til vurderinga til kommunedirektøren slik ho går fram av dette saksframlegget, og meiner at klagen ikkje bør takast til følge.
 - Klagen får ikkje utsetjande verknad for tiltaket (forvaltingslova § 42) fordi forholda det er klaga på, ikkje påverkar eigedomen/området på ein slik måte at igangsetjing av tiltak må stansast.

022/26: Behandling av klage - 76/39, Norddalsfjord 615 - Riving - bygge ny fritidsbustad

1. Klagenemnda finn ikkje grunn til å ta klagen frå Grinde Arkitektur på vegne av eigar av gbnr 76/39 Ole Bengt Reed Solheim til følgje.
2. I samsvar med plan- og bygningslova. § 1-9, blir klagen send til Statsforvaltaren i Vestland med følgjande fråsegn:

Klagenemnda sluttar seg til vurderinga til kommunedirektøren slik ho går fram av dette saksframlegget, og meiner at klagen ikkje bør takast til følgje.

Behandling i Klagenemnda 03.06.2026:

Nytt forslag, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høgre

Klagenemnda sender saken tilbake til administrasjonen for vidare dialog rundt dispensasjon.

Klagenemnda ønsker og synfaring i området om naudsynt.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KLNMD- 022/26 Vedtak:

Klagenemnda sender saken tilbake til administrasjonen for vidare dialog rundt dispensasjon.

Klagenemnda ønsker og synfaring i området om naudsynt.